



Informasjon til foreldre og føresette i skule og barnehage

Den siste tida ser vi at Korona-smitten i samfunnet har auka, og med den tiltak og restriksjonar. Vi har framleis hatt få smittetilfelle i vår region. Kviteeid kommune har ingen eigne tiltak, og følgjer nasjonale tiltak.

Nyleg har ei nasjonal ekspertgruppe sett på konsekvensar av smitteverntiltaka i barnehagar og skular så langt i pandemien. Rapporten kjem med ein del anbefalingar på kva for tiltak ein kan vente seg i skule og barnehage, dersom smitten aukar.

Dersom du ynskjer å lese i rapporten, finn du denne her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/ekspertgruppens-rapport-konsevenser-av-smitteverntiltak-i-barnehager-og-skoler/>

Regjeringa og helsemyndighetene ynskjer at tiltak retta mot barn og unge skal vera så lite inngripande i deira liv som mogleg. Dette med omsyn til barn og unge si læring og psykiske helse. Dei negative konsekvensane av stengte barnehagar og skular er også betydelege. Tiltak skal først og fremst rettast mot andre delar av samfunnet før det blir sett i verk tiltak overfor barn og unge.

Ved eit lokalt smitteutbrot, er det høve til å innføre raudt tiltaksnivå i skule og barnehage.

Om raudt tiltaksnivå seier rapporten:

- Før ein innfører raudt tiltaksnivå, bør det først forsøkast med tiltak på andre samfunnsområde for å redusere smitten
- Før ein innfører raudt tiltaksnivå, skal ein forsikre seg om at tiltaka på gult nivå blir følgt
- Raudt nivå er ikkje opplæring heime. Alle elevar skal ha tilbod om så mykje tid på skulen som er mogleg innanfor rammene av smittevern. Barn i barnehagar og elevar i barneskule bør ha eit heildagstilbod.

Ved eit lokalt smitteutbrot, er det høve til å stenge delar eller heile barnehagar/skular i eit avgrensa tidsrom (1 - 2 dagar) for å få oversikt over situasjonen. Dette kjem i tillegg til at alle som definerast som nærboligkontaktar kjem i karantene.

Ved innføring av raudt tiltaksnivå i barnehagen vil dette bety at vi skal ha mindre grupper. Det kan føre til endringar som påverkar kvardagen for dykk med barnehagebarn. Vi har laga beredskapsplanar for skule og barnehage som viser kva for endringar som kan vere aktuelle. Desse finn du på [kommunen si heimeside, på informasjonsida om Korona](#).

Om smittespreiing i barnehagar og skular

Rapporten seier at ut i frå det ein har erfart så langt, er grunnlaget for å halde skular og barnehagar opne styrka. Det er stadig meir dokumentasjon på at barn spelar ei mindre rolle i pandemien. Det er få barn som blir sjuke. Samstundes er dei negative konsekvensane ved stenging store.

Rapporten seier at:

- Risiko for smitte mellom barn og frå barn til vaksne i barnehagar og barneskule er låg, særleg når smitteverntiltak er sett i verk.



- Ved utbrot er smitte mellom vaksne vanlegare enn smitte frå vaksne til barn eller barn til vaksne.
- Å følgje smitteverntiltak har vist seg å begrense smitte.

Det er ikkje noko så langt som peikar på at skuleskyss har hatt betydning for smittespreiinga.

Rapporten seier vidare at ved skular som har hatt smitteutbrot, er det ofte ein eller fleire av desse faktorane som har vore tilstade:

- Personar med symptom har likevel møtt på skulen – både elevar og tilsette.
- Det har vore private arrangement med ungdom utanfor skulen.
- Det er auka smitte i samfunnet generelt.
- Etterleving av smitteverntiltak på gult nivå er mangelfull.

I skule og barnehage vil vi nå fokusere ekstra på å følgje tiltaka på gult nivå. Særleg vil vi ha auka merksemd på tiltaka i januar, etter joleferien, då vi ser på dette som ein sårbar periode. Vi ber om at de som foreldre og føresette på ein positiv måte også hjelper barn og unge med å etterleve tiltak på gult nivå, og at alle vaksne som er i kontakt med barnehage og skule følgjer tiltaka som gjeld dykk.

Vi har skjerpa merksemd på:

- Vere heime ved symptom på luftvegsinfeksjon
- Følgje rutinar for handvask og bruk av handsprit
- Vaksne skal følgje rutinar for henting og levering i barnehage og SFO
- På skulen og i barnehagen skal ein vera saman med dei som er i same kohort
- Halde avstand i friminutt, særleg gjeld dette elevar på ungdomsskulen
- Avverge situasjonar kor det kan oppstå trengsel
- Unngå handhelsing, tett fysisk kontakt og klemming
- Følgje reglane for bruk av utstyr og uteområde i barnehage og skule

Med helsing

Ingunn Haugland

Kommunalsjef skule og barnehage